

Pressemelding

Dramatiske kutt for studieforbunda

-Vi opplever kuttforslaget som nedslåande og dramatisk. Det gjer det vanskeleg for oss å prioritere når det statlege tilskotet er for lågt til å gjennomføre kurs, seier dagleg leiar i Studieforbundet kultur og tradisjon, Kjærsti Gangsø.

Budsjettforslag for 2018 seier følgjande om studieforbund

«Departementet har bedd Kompetanse Noreg gjennomføre ei evaluering av måloppnåing i studieforbunda som dei har frist på å levere i mai 2018. Departementet foreslår å redusere løyvinga med 22,5 mill. kroner samanlikna med nivået i 2017. Reduksjonen skal ikkje påverke storleiken på tilretteleggingstilskotet.»

570 kurs får ikkje støtte

Norge er av dei landa i verda med høgast frivillig deltaking. 60% av befolkninga jobbar frivillig i løpet av eit år. I 2016 gjennomførte studieforbunda 1,4 millionar kurstimar med til saman 505 000 deltakarar. Dette er kurs som i stor grad blir gjennomført i frivillige og ideelle organisasjonar. Slik er det frivillige eit spleiselag mellom staten, private gjevarar, deltakaravgifter og dei frivillige som jobbar dugnad.

Dette er eit kraftig spark mot kurstilboda til lag og foreiningar over heile landet. Konsekvensen blir mindre opplæring og færre arenaer å inkludere nye borgarar på i lokalmiljøa. For Studieforbundet kultur og tradisjon åleine, betyr forslaget eit kutt på 1,9 millionar kroner i høve til årets opplæringstilskot på 17,3 millionar. I 2016 gjennomførte Studieforbundet 5169 kurs, med 40 000 deltakararar, og utbetalte til disse kursa i snitt 3350 kroner i opplæringsstøtte.

- Dersom forslaget til kutt blir ståande, betyr dette at opptil 570 kurs neste år ikkje får opplæringsstøtte frå oss. Vi opplever kuttforslaget som nedslåande og dramatisk. Det gjer det vanskeleg for oss å prioritere når det statlege tilskotet er for lågt til å gjennomføre kurs, seier dagleg leiar Kjærsti Gangsø.

Studieforbundet mobiliserer

Statsbudsjettet reduserer dei frie inntektene til organisasjonane og gjer organisasjonane meir avhengige av prosjektstøtte og gåver. Det vil føre til meir tid brukt på søknader og

rapportering og mindre tid brukt på å skape gode opplæringsarenaer. I kompetansepolitisk strategi legg regjeringa vekt på å stimulere til at fleire finn læringsmotivasjon og bygger læringsevne gjennom opplæring i frivillig sektor. Det er fare for at dette nå blir svekka.

- Vi vil nå mobilisere opp mot politikarar gjennom våre medlemsorganisasjonar, fylkesledd og lokallag. Nå skal vi vise Noreg alt det gode og viktige arbeidet vi gjer, lovar Gangsø.

Med vennleg helsing

Torunn Elise Kveen

Studieforbundet kultur og tradisjon

Tlf: 6121 77 57/ 41 80 93 66

Torunn@kulturogtradisjon.no